



Cornerstone INT  
Hauglandsveien 50  
5265 YTRE ARNA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2343 - 15/18859

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
18.10.2015

## Godkjenning - Igangsettingsløyve for bruksendring frå næringsbygg til forsamlingslokale på Grasdal

**Administrativt vedtak. Saknr: 379/2015**

**Tiltakshavar:** Frekhaug Bibelsenter  
**Ansvarleg søkjar:** Cornerstone Int.  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

### SAKSUTGREIING:

*Cornerstone Int.* har på vegne Frekhaug Bibelsenter søkt om igangsettingsløyve for arbeid knytt til bruksendring av næringsbygg til forsamlingslokale på Grasdal, gbnr 28/39. Meland kommune har tidlegare gitt rammeløyve for tiltaket og løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg ved vedtak dagsett høvesvis 15.11.2012 og 26.3.2012.

### VURDERING:

Tiltaket vart nabovarsla ved søknad om rammeløyve. Det er ikkje grunnlag for kommunen til å krevje ny nabovarsling. Tidlegare rammeløyve gjeld dersom ikkje anna følgjer av vedtaket nedanfor.

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar:

| Føretak:  | Godkjenningsområde:                       |
|---|---|
| BKS DRIFT AS<br>Org.nr 914490499<br>Lokal godkjenning | UTF, Byggedeler og konstruksjonar (tkl 2) |

|   |  |
|---|--|
| COWI AS<br>Org.nr 979 364 857<br>Sentral godkjenning        | PRO, Brannkonsept ved bruksendring til<br>forsamlingslokale(tkl 3)           |
| Ø. Antonsen AS<br>Org.nr 964 377 111<br>Sentral godkjenning | <b>PRO</b> , Sanitærarbeider (tkl 2)<br><b>UTF</b> , Sanitærarbeider (tkl 2) |

Omsøkte ansvarsrettar kjem i tillegg til godkjente ansvarsrettar i rammeløyvet av 15.11.12, der Cornerstone Int. vart godkjent som ansvarleg søkar og prosjektering av byggedelar og konstruksjonar.

I rammeløyvet vart det stil vilkår om uavhengig kontroll av brannteknisk prosjektering. I samsvar med etterfølgjande korrespondanse med ansvarleg søkar fell vilkåret bort som følgje av godkjenning av Cowi AS med ansvar for brannkonsept, samt utført brannteknisk prosjektering frå Skansen Consult. Dokumentasjon for gjennomført prosjektering er vedlagt søknaden.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 igangsettingsløyve for bruksendring og bygningsmessige arbeid ved endring av industribygg til forsamlingslokale på gbnr 28/29 i Meland kommune i samsvar med søknad journalført 27.8.2015.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf ovanfor. Ansvarleg søkar skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

Plassering og utforming av tiltaket skal vere som godkjent gjennom tidlegare rammeløyve.

Opplysningar om bygget, areal, tiltakshavar og ansvarleg søkjar som kjem fram av søknaden, vert registrert i Matrikkelen.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gitt, felle det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjort særskilt unntak.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Cornerstone INT

Hauglandsveien 50 5265

YTRE ARNA